

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 22.03.2024

Vår ref.: 200900615-96 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Høyring av planendring og fornya ekspropriasjonsløyve for Illvatn pumpekraftverk i Luster kommune, Vestland fylke

Søknad om planendring

NVE har fått ein søknad frå Hydro Energi AS om løyve til å endra forutsetningar gjæve i konsesjon (kgf.res av 24.04.2020) for Illvatn pumpekraftverk.

Hydro Energi AS søker om følgande endringar:

- Flytting av tverrslag ca. 1,2 km sørover frå sørenden av Illvatn til Nørdstedalen
- Flytting av deponi frå under HRV i Illvatn til terrenget ved tverrslag i Nørdstedalen
- Auka samla deponert masse frå 300 000 m³ til 510 000m³, med følgjande fordeling:
 - Deponi Fivlemyr blir auka frå 200 000 m³ til 320 000 m³.
 - Deponi Illvatn på 100 000 m³ blir flytta til Nørdstedalen og auka til 190 000 m³
- Etablering av ledevoll i tilknytning til inntak i magasin ved Fivlemyr
- Oppgradering og utvidingar av veg frå Sveinsøystølen til Fivlemyr. Inkludert veg til Nørdstedalseter.

Søknad om fornya ekspropriasjonsløyve

NVE har fått ein søknad om fornya ekspropriasjonsløyve frå Hydro Energi AS.

Ekspropriasjonsløyve gjæve 24.04.2020 er falne bort etter oreigningslova § 16 og det søkast no fornying av løyvet.

Hydro Energi AS søker rett til ekspropriasjon av nødvendige areal og rettar, permanente og mellombelse, for bygging og drift av Illvatn pumpekraftverk i samsvar med dei føreliggjande løyva og med dei endringane som kjem fram i planendringssøknaden og endeleg vedtekne detaljplanar, jf. oreigningslova § 2 nr 51. Dette inkluderer også erverv av nødvendige rettar for oppgradering og utvidingar av eksisterande anleggsveg frå FV 5638 ved Sveinsøystølen til Fivlemyr og Nørdstedalen. Vidare blir det søkt om fornya ekspropriasjon av nødvendig rettar til å byggja, eiga og driva 132 kV kraftleidningen frå Sveinsøystølen til Illvatn pumpekraftverk og alle andre nettanlegg som blir omfatta av



anleggskonsesjonen av 24.04.2020, jfr. oereigningslova § 2 nr 19. Hydro Energi AS tek sikte på å inngå minnelege avtalar med grunneigarane så langt det lèt seg gjera.

Her finn du søknadene:

Dokumenter i saken er tilgjengeleg på NVEs nettside:

Planendringssøknad og ekspropriasjonssøknad: www.nve.no/9322/v

Konsesjonssak: www.nve.no/5661/v

Slik sender du inn høgringfråsegn

Etter NVEs vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om planendring og fornya ekspropriasjonsløyve blir derfor berre send på avgrensa høyring til dei som har utala seg til saken tidlegare.

NVE ønskjer tilbakemelding på dei planendingane det er søkt om for Illvatn pumpekraftverk, ikkje om reguleringa generelt.

Vi ønskjer også tilbakemelding dersom dei veit om nye parter som kan bli ramma av saka, slik at dei også kan få høva til å uttala seg.

Me ber Statsforvaltaren særleg vurderer om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldslova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Alle som har meiningar om saka, kan senda uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som dei finn på nettsida i saka (www.nve.no/9322/v)
- via e-post til uttale@nve.no (merk e-posten med «Høgringfråsegn» og saksnummer 200900615 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høgringfråsegn» og saksnummer 200900615 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å senda inn fråsegn er:

10.05.2024

Med hilsning

Ingrid Haug
fagleiar

Martina Halhjem Grøttå
rådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

**Mottakerliste:**

RIKSANTIKVAREN

Statskog Sør-/Vestlandet

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

STATNETT SF

LUSTER KOMMUNE

Sogn og Fjordane Turlag

Villreinnemnda for Ottadalen

DNT Oslo og omegn

Fortun Grunneigarlag

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

WATTN AS

Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Kopimottakerliste:

Norsk Hydro ASA